

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Troms  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Lenvik  
 Emne: Julenissen Bygdelag:  
 Oppskr. av: Paul M. Steiro Gard: Gibostad  
 (adresse): Gibostad G.nr. 84 Br.nr. 1  
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
*Gibostad røynsle*

## SVAR

I min barndom hadde vi ingen julenisse, men for ikring 30 år sidan tok dei til med å ha julenisse på fester for skoleborna, men det er godt mogleg at impulsen til dette hadde ein frå julekort og julehefter.

Julenissen deler ut alle gåvane der han kjem.

Både menn og kvinner kled seg ut som julenisse, men helst menn. Julenissen skal helst vera stor og staseleg.

Julenissen er utstyrt med langskjegget maske, elles noe gamalvorne kleder, men altid rød topphuva.

Før i tida laga dei maskene sjølv, men no vert dei kjøpte på butikk.

Dei som går julebukk bruker same slags maske.

Julebukkene deler ikkje ut gåver, dei får heller ein liten smak av juleknaasket.

Julenissen har samband med fjøsnissen, men denne var jo svært liten.

På desse kantar er det ingen soge om at julegåvene kom på noken merkeleg måte til huset.